



**Verneområdestyret for  
Brattefjell-Vindeggen  
landskapsvernområde**

**Besøksadresse**  
Skinnarbu  
3661 Rjukan

**Postadresse**  
Postboks 2076  
3103 Tønsberg

**Kontakt**  
Sentralbord +47 33 37 10 00  
Direkte +47 953 00 640  
fmrtpost@fylkesmannen.no

Verneområdestyret for Brattefjell-  
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2022/3006 - 432.2

Dato 22.06.2022

## Innkalling til styremøte 29.06.22

Det vert med dette kalla inn til møte i verneområdestyret.

Tid: Onsdag 29.06.22 kl. 09:00  
Stad: Teams

Gje beskjed snarast på 957 93 735 eller [krkhe@statsforvalteren.no](mailto:krkhe@statsforvalteren.no) om du ikkje kan møte.

### Saksliste:

- |           |   |
|-----------|---|
| Sak 12/22 | Godkjenning av innkalling og dagsorden  |
| Sak 13/22 | Saksframlegg:<br>Søknad om utviding av båtparkering ved Vindsjøen i Hjartdal kommune – Vesledam<br>Veglag               |
| Sak 14/22 | Saksframlegg:<br>Søknad om tilbygg på hytte ved Fyribøen gnr. 13 bnr. 11 fnr. 3 i Hjartdal kommune<br>– Gjermund Stuvøy |
| Sak 15/22 | Saksframlegg:<br>Søknad om tilbygg og ombygging av hytte - Aslebekk 2/2/1 i Hjartdal kommune -<br>Tore G. Bratsberg     |
| Sak 16/22 | Eventuelt   |
| Sak 17/22 | Neste møte  |



## Sak 13/22

# Søknad om utviding av båtparkering ved Vindsjøen i Hjordal kommune – Vesledam Veglag

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndighet for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

### **Kort om saka**

Vesledam Veglag v/ Trond Bakken søker om tillating til å utvide parkeringsareal v/ vesledam på Vindsjøen i Hjordal kommune.

Det har vore eit vegprosjekt til vesledam Vindsjøen, som stod ferdig hausten 2020. Det vart då etablert veg opp til vesledam Vindsjøen, for sikrere åtkomst til båtar og båtutsett ved Vindsjøen. Vegprosjektet har vore vellykka på mange måtar, og båtar i bruk vert parkert på hengar på eige parkering nedstrøms for vesledam.

Dagens situasjon er at båtparkering nedstrøms vesledam er for liten då det er 24 oppsittere i vesledam veglag. Det er difor ynskjeleg å opparbeide eit tilleggsareal på ca. 200 – 300 m<sup>2</sup> til båtparkering. Søkjar opplyser om at det hadde vore ynskjeleg å utføre dette arbeidet i samband med Skagerak Kraft AS sitt planlagde arbeide på lågbrua i same område til hausten, då dette vil avgrense tungtransport av maskinar på Vindsjøvegen.

Verneområdeforvaltar, styreleiar i verneområdestyret og søker var på ei felles synfaring 20.06.22. Bilete frå synfaring leggjast ved i saka.

### **Vedlegg**

- Søknad motteke 15.06.22 (2022/6029 – 1).

### **Andre relevante dokument, ikkje vedlagde**

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.

### **Det formelle grunnlaget - verneforskrifta og naturmangfaldlova**

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er oppføring av bygningar og anlegg i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt.1.1. Punkt. 2.2 i same kapittel, seier at *"Reglane i punkt 1 skal ikkje vere til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, (...)."* Etter kap. IV, punkt. 3.2 kan forvaltingsstyresmakta, *"Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet"*, gje løyve til *"mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar i området."*



Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av NML § 7, som seier at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitenskapelig kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. NML § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

### **Vurdering**

Vesledam Vindsjøen og parkering/båtutsett ligg delvis utanfor verneområdet, men båtparkering som ligg nedstrøms vesledam ligg innanfor vernegrensa og i eit område som etter forvaltningsplanen er definera som brukssone. Relevant forvaltingsmål for brukssona er at "Områda skal forvaltast med tanke på å ta vare på områdas art og karakter utan inngrep som vesentleg kan endre landskapets utforming", men at «Områda skal kunne nyttast til landbruksdrift for å sikre næringsgrunnlaget til grunneigarane», fordi «Oppretthalding av drift i utmarka er m.a. viktig for å taka vare på kulturlandskap og plantesamfunn, og derved det biologiske mangfaldet.»

Denne saka dreier seg om å utvide eksisterande båtparkeringsareal med om lag 200-300 m<sup>2</sup> slik at det blir meir plass. Søkjar ynskjer å utføre dette arbeidet i samband med Skagerak Kraft AS sitt planlagde arbeid på lågbrua i same område til hausten (aug-sept.), då dette vil avgrense tungtransport av maskinar på Vindsjøvegen.

Verneområdeforvaltar, styreleiar i verneområdestyret og søkjar var på ei felles synfaring 20.06.22. Bilete frå synfaring leggjast ved i saka.

Man må vere trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaka.

Kunnskapsgrunnlaget for denne saka er basert på Naturbasen, forvaltningsplan for Brattefjell-Vindeggen LVO, Norsk rødliste for naturtyper, Botaniske registreringar i Brattefjell-Vindeggen, samt registreringar av stølsanlegg og skjøtselsplan for stølsområde. I tillegg kjem kunnskap om villreinen i området.

Det er ikkje uvanleg med villrein i kringliggande område, men oppe ved sjølve dammen og parkeringa, og på arealet som er omtala i denne saken, er det sjeldan rein å sjå. Området har i mange år vore prega av utbygging og tilrettelegging for samferdsle, og sumarhalvåret er det ofte folk her. Vinterstid er det derimot langt rolegare, då vegen til Vindsjøen ikkje er vinterbrøytt. Likevel gjeng det skutertrasé



opp. Den er bruka i samband med naudsynt snøskutertransport til hytter og staular i området. Staden er ikkje klassifisera som korkje kalvings- eller vinterbeiteområde.

Under arbeid med utviding av parkeringsareal, vil ein måtte rekne med ein god del støy samband med graving og liknande. Det er viktig at det skjer over eit så avgrensa tidsrom som mogleg. Vel og merke vil aktiviteten skje i ein «skjerma» dal, men det er likevel å anta at støyen blir merkbar. Likevel kan ikkje forvaltaren sjå spesielle utfordringar med tanke på korkje villrein eller anna dyre- og fugleliv. Det er ikkje registrera kulturminne på staden, og heller ikkje spesielle botaniske førekomst.

Ut over villreinen kan ikkje verneområdeforvaltaren sjå at det må takast omsyn til andre faktorar. Det er ikkje registrert raudlista arter på lokaliteten, og det er heller ikkje kjende kulturminne i området. Det vil bli ein endring i landskapets utsjånad. Likevel tar forvaltaren for gitt at tiltakshavar gjer dei naudsynte vurderingar og omsyn, slik som det er beskrive i søknaden. Dessutan vil tiltaket skje ein stad det allereie er gjort gravearbeid i samband med eksisterande veg og båtparkering . At staden i tillegg ligg lågt og isolera i terrenget er ytterlegare til fordel. Båtparkeringa er berre synleg heilt lokalt. Det vil ikkje vere mogleg å sjå båtparkeringa på avstand og det vil på eit vis bli gjømt nede i ein liten dal. Vegen inn til båtparkeringa er stengt med bom, og trafikken avgrensa. På den måten vil ikkje dette tiltaket føre til auka ferdsle i nokon nemneverdig grad.

Tiltaket vil medføre eit mindre inngrep i verneområdet, men forvaltaren er av den oppfatning at tiltaket ikkje skader verneverdiane meir enn det aktiviteten i området gjer i dag. Kanskje heller tvert i mot. Vidare vil ei utvida båtparkering ha ein samfunnsmessig positiv effekt, gjere ferdsle i området sikrare og også leggje betre til rette for aktivitet og ferdsle innanfor dei ramane som allereie er lagt.

#### **Framlegg til vedtak:**

Med heimel i verneføresegna kap. IV punkt. 2.2 gjev verneområdestyret Vesledam Veglag v/ Trond Bakken løyve til utviding av båtparkering nedstrøms vesledam Vindsjøen, som beskriven og søkt i søknad dagsett 15.06.22.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal skje på barmark.
- Når arbeidet er avslutta, skal området vere pussa og det skal ikkje deponerast masser på staden.
- Arbeidet skal skje så skånsamt som mogleg. Dette gjeld både av omsyn til verneverdiane, men også av omsyn til anna aktivitet og interesser i området.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som viser plassen når den er ferdig. Dette sendast verneområdestyret seinast to månader etter at arbeidet er ferdig.
- Skulle det dukke opp villrein, skal anleggsverksemda stanse opp.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Eventuelle andre naudsynte løyve må tiltakshavar sjølv innhente.

Det kan klages på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke, og eventuelt arbeid kan ikkje startast før klagefristen er ute.

Klaga rettast til direktoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Vesledam Veglag v/ Trond Bakken.



**Verneområdestyret for  
Brattefjell-Vindeggen  
landskapsvernområde**

---

Kopi:

- Hjartdal kommune kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil og bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



## Sak 14/22

# Søknad om tilbygg på hytte ved Fyribøen gnr. 13 bnr. 11 fnr. 3 i Hjartdal kommune – Gjermund Stuvøy

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndighet for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

### Kort om saka

Gjermund Stuvøy søker om dispensasjon frå verneforskrifta for å utvide hytte på gnr. 13 bnr. 11 fnr. 3 ved Fyribøvatnet i Hjartdal kommune. Søklar ynskjer å utvide hytta med eitt ekstra soverom, slik at det blir plass til heile familien. Tilbygget skal få same form og materialbruk som eksisterande bygningsmasse. Det søkjast om eit tilbygg på 16,28 m<sup>2</sup> BYA.

Eksisterande hytte er på ca. 60 m<sup>2</sup> BYA. I tillegg er det eit uthus på 22,5 m<sup>2</sup> BYA. Totalt BYA på eigedomen er ca. 82,5 m<sup>2</sup>.

### Vedlegg

- Søknad motteke 18.05.22 (2022/6028 – 1).

### Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.

### Det formelle grunnlaget - verneforskrifta og naturmangfaldlova

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høg fjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er oppføring av bygningar og anlegg i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt.1.1. Punkt. 2.2 i same kapittel, seier at *"Reglane i punkt 1 skal ikkje vere til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, (...)"* Etter kap. IV, punkt. 3.2 kan forvaltingsstyresmakta, *"Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet"*, gje løyve til *"mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar i området."*

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av NML § 7, som seier at prinsippa i §§ 8-12 skal leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndighet.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.



Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. NML § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

### **Vurdering**

Hytta ligg i brukssona. Forvaltningsplanen seier ikkje noko direkte om bygningar kva gjeld forvaltningsmål for brukssona. Det er difor planens generelle bestemmingar som er førande i denne saka.

Ein må vera trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaket

Å gje dispensasjon blir ein vurdering i det einskilde døme. Forvaltningsplanen seier at når tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, så kan forvaltningsmyndigheita på nærare vilkår gje løyve til mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar dersom bruken ikkje vert endra. I høve til forvaltningsplan er maksimal storleik på hytte BYA 65 m<sup>2</sup>, mens maksimal storleik på uthus er BYA 15 m<sup>2</sup> – altså kan ikkje samla areal på staden overstige BYA 80 m<sup>2</sup>.

I denne saka søkjast det om oppføring av eit tilbygg på BYA 16,28 m<sup>2</sup>, som skal fungere som soverom.

Eksisterande hytte er på ca. 60 m<sup>2</sup> BYA. I tillegg er det eit uthus på 22,5 m<sup>2</sup> BYA. Totalt BYA på eigedomen er då ca. 82,5 m<sup>2</sup>.

Sum ny BYA på gnr. 13 bnr. 11 fnr. 3 etter tilbygg vil då bli 98,2 m<sup>2</sup>. Dette er ein god del meir ein det som er tillate som maktsgrense for BYA i forvaltningsplanens retningslinjer.

Teikningane til søknaden syner eit tilbygg med tradisjonelt preg som vil passe godt til eksisterande hytte. Utsjånadmessig ser det greitt ut på teikningane og det vil truleg ikkje føre til auka ferdsle eller påverke landskapet i nokon negativ grad, men storleiken på tiltaket er problematisk i høve til verneforskrift og retningslinjer i forvaltningsplan. Eksisterande bygningsmasse utgjer i dag totalt BYA 82,5 m<sup>2</sup>, noko som allereie er over grensa for maksimal storleik i høve til forvaltningsplan (80m<sup>2</sup>).

Det er ingen kjende natur- eller kulturverdiar som blir påverka av tiltaket, og forvaltaren kan heller ikkje sjå at verneverdiane for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde blir negativt påverka. Ein kan sjølvstøtt få litt meir støy på staden i samband med eventuelt byggearbeid, men dette vil skje i eit avgrensa tidsrom og dermed vere forbigåande.

Sett bort frå storleiken oppfatar forvaltaren tiltaket som greitt. Men forvaltningsplanens maksimale storleik for hytter/uthus på BYA 80 m<sup>2</sup> må oppfattast som ein absolutt grense. I dette høvet er allereie eksisterande bygningsmasse på eigedomen over den maksimale grensa for storleik på hytter/uthus, då eksisterande BYA er på 82,5 m<sup>2</sup>. Med nytt tilbygg vil total BYA bli 98,2 m<sup>2</sup>.



**Framlegg til vedtak:**

Verneområdestyret gjev Gjermund Stuvøy avslag på søknad om oppføring av tilbygg på 16,28 m<sup>2</sup> BYA på hytte ved Fyribøvatnet, gnr. 13 bnr. 11 fnr. 3 i Hjartdal kommune. Avslaget er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt. 3.2.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Gjermund Stuvøy.

Kopi:

- Hjartdal kommune kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil og bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.





## Sak 15/22

# Søknad om tilbygg og ombygging av hytte - Aslebekk 2/2/1 i Hjartdal kommune - Tore G. Bratsberg

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er forvaltingsmyndighet for verneområdet og skal handsame dispensasjonssaker.

### Kort om saka

Tore G. Bratsberg søker om løyve til ombygging av hytte på Aslebekk gnr. 2 bnr. 2 fnr. 1 i Hjartdal kommune.

Hytta ber preg av lite vedlikehald med råteskader i golv og ytterkledning, sprekt pipe og lite isolering. Det er difor ynskjeleg å utbetre hytta slik at den får ein betre standard. Planen er å fjerne det gamle inngangspartiet og flytte inngang til langsida. Hytta vil ha same lengde som før, med unntak av inngangsparti, men det er ynskjeleg å bygge ut ein veranda i gavl mot nord. Dagens hytte er 4,5 meter brei, og planen er utvide breidda med 1,5 til 6 m. Eit inngangsparti og vaskerom vil kome i tillegg til dette som eit tilbygg på langsida.

Planlagt tilbygg på hytta er på 30 m<sup>2</sup> BYA.

Hytta har i dag 36 m<sup>2</sup> BYA samt eit uthus på ca. 12-15 m<sup>2</sup> BYA. Totalt 50 m<sup>2</sup>.

Totalt BYA på eigedomen *etter* tilbygg vil vere 80 m<sup>2</sup>.

### Vedlegg

- Søknad motteke 18.05.22 (2022/6027– 1).

### Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.

### Det formelle grunnlaget - verneforskrifta og naturmangfaldlova

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er oppføring av bygningar og anlegg i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt.1.1. Punkt. 2.2 i same kapittel, seier at *"Reglane i punkt 1 skal ikkje vere til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, (...)."* Etter kap. IV, punkt. 3.2 kan forvaltingsstyresmakta, *"Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet"*, gje løyve til *"mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar i området."*



Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av NML § 7, som seier at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitsskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. NML § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

### **Vurdering**

Hytta ligg i brukssona. Forvaltningsplanen seier ikkje noko direkte om bygningar kva gjeld forvaltningsmål for brukssona. Det er difor planens generelle bestemmingar som er førande i denne saka.

Ein må vera trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaket

Å gje dispensasjon blir ein vurdering i det einskilde døme. Forvaltningsplanen seier at når tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, så kan forvaltningsmyndigheita på nærare vilkår gje løyve til mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar dersom bruken ikkje vert endra. I høve til forvaltningsplan er maksimal storleik på hytte BYA 65 m<sup>2</sup>, mens maksimal storleik på uthus er BYA 15 m<sup>2</sup> – altså kan ikkje samla areal på staden overstige BYA 80 m<sup>2</sup>.

I denne saka søkjast det om ombygging og eit tilbygg på 30 m<sup>2</sup> på eksisterande hytte på Aslebekk gnr. 2 bnr. 2 fnr. 1 i Hjartdal kommune.

Søklar opplyser at hytta ber preg av lite vedlikehald med råteskader i golv og ytterkledning, sprekt pipe og lite isolering. Det er difor ynskjeleg å utbetre hytta slik at den får ein betre standard.

Planen er å fjerne det gamle inngangspartiet og flytte inngang til langsida. Hytta vil ha same lengde som før, med unntak av inngangsparti, men det er ynskjeleg å bygge ut ein veranda i gavl mot nord. Dagens hytte er 4,5 meter brei, og planen er utvide breidda med 1,5 til 6 m. Eit inngangsparti og vaskerom vil kome i tillegg til dette som eit tilbygg på langsida.

Hytta har i dag 36 m<sup>2</sup> BYA samt eit uthus på ca. 12-15 m<sup>2</sup> BYA. Det utgjer totalt BYA 50 m<sup>2</sup>.



I høve til søknaden, er planlagt tilbygg på hytta på 30 m<sup>2</sup> BYA. Totalt BYA på eigedomen *etter* tilbygg vil vere 80 m<sup>2</sup>. Dette er nøyaktig det som er tillate som maksgrense for BYA i forvaltingsplanens retningslinjer. Hytta vil ha BYA 66 m<sup>2</sup>, og uthuset er på ca. 14 m<sup>2</sup> BYA.

Teikningane til søknaden syner eit tilbygg med tradisjonelt preg som vil passe godt til eksisterande hytte. Utsjånadmessig ser det greitt ut på teikningane, og tilbygget ser ut til å passe godt inn slik det er tenkt plassert. Ein kan ikkje sjå at tiltaket vil påverke landskapet i nokon negativ grad eller føre til auka ferdsle. Forvaltar oppfattar tiltaket som greitt og innanfor i høve til verneforskrift og forvaltingsplanens retningslinjer.

Det er ingen kjende natur- eller kulturverdiar som blir påverka av tiltaket, og forvaltaren kan heller ikkje sjå at verneverdiane for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde blir negativt påverka. Ein vil sjølvstøtt få litt meir støy på staden i samband med byggearbeid, men dette vil skje i eit avgrensa tidsrom og dermed vere forbigåande.

#### **Framlegg til vedtak:**

Verneområdestyret gjev Tore Gunnar Bratsberg løyve til ombygging og oppføring av tilbygg på BYA 30 m<sup>2</sup> på hytta ved Aslebekk, gnr. 2 bnr. 2 fnr. 1 i Hjartdal kommune.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 3.2 på vilkår.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner det nye tilbygget frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Det skal takast omsyn til naturverdiane i området under bygging og materialtransport. Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følgje av aktiviteten.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Tore Gunnar Bratsberg.

Kopi:

- Hjartdal kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil og bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.